


## Revygjengen minnst Prøysen

26.11.2014

Noko overraskande men i høgste grad gledeleg har russen i Kvinnherad satsa på Alf Prøysen i revyen dette året. Det er 100 år sidan han vart født og dei unge revymakarane vil presentera han på sin måte. Premieren vert avvikla torsdag kveld i Kulturhuset og tredjeklassingane på KVV har skrive nesten alt sjølve. Dei lovar at resultatet vert veldig bra sjølv om det kan høyrast kjedeleg ut, som dei uttrykkjer det.



Revsjefane Idar Rangsåter og Ellinor Ertsland (Foto: Grenda)

Titelen på revyen er i alle fall Prøsens: **NO KJÆM'EN**  
Revsjefer er Idar Rangsåter og Ellinor Ertsland og dette året er også Uskedalen solid representert., faktisk med fleire enn vanleg.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen